



*Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket:*

*I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren.*

*Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.»*

*Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:*

*«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»*

# *Gledeleg Jul*



## Juleevangeliet

BIBEL | 2011

© Utgjeve av Bibelselskapet

**Ansvarleg redaktør:**

Stein Mydske, general-  
sekretær i Bibelselskapet

**Redaksjon:**

Dag K. Smemo og Anne  
Kristin Aasmundtveit

**Faktatekster:** Elisabeth Levy  
og Mike Beaumont, ABC  
Bibelguide og «Oppslagsdel»  
i Det nye testamentet.  
Studieutgave 2008

**Foto:** Dag K. Smemo

**Layout:** Dag K. Smemo og  
Ole Arnøy

**Trykk:** Color Print AS  
Opplag: 30 000 eks

**Papir:** 115 gram WFC silk

**Skrift:** Cambria og Candara

**Omslagsbilete:** Måleri frå  
fransiskanarkapellet på  
Hyrdingmarka i Betlehem

**Gavekonto** 3000.16.16869

**Fleire blad kan tingast frå:**  
[www.bibel.no](http://www.bibel.no)  
[ordre@bibel.no](mailto:ordre@bibel.no)

**Bestillingsnummer:**  
Bokmål 219  
Nynorsk 220

Gledeleg jul, seier vi gjerne.  
Jula handlar om noko fint.  
Ein fødsel.  
Englesong.  
Fred på jorda.

Dei fleste av oss har høyrte juleevangeliet før,  
mange gonger.  
No har det kome i ei heilt ny omsetjing til  
moderne norsk.  
Ser du forskjell?

I mange heimar i Noreg er det tradisjon  
å lesa juleevangeliet på julaftan.  
Somme gjer det på føremiddagen, andre mellom  
hovudretten og desserten under julemiddagen.  
Andre finn ei anna tid.

Om du feirar åleine eller i lag med andre, kan du sjå  
om du finn rom for juleevangeliet på julaftan.

Denne klassiske teksta står i Lukas 2,1–20.  
Du finn henne på midtsidene i dette bladet.  
Du kan òg høyra på ei god opplesing av  
juleevangeliet på [bibel.no/juleevangeliet](http://bibel.no/juleevangeliet).

I dette bladet får du heile juleforteljinga.

God lesnad!

## Jesus blir fødd

Då Jesus Kristus vart fødd, gjekk det såleis til:  
Mor hans, Maria, var lova bort til Josef. Men før dei kom  
saman, viste det seg at ho var med barn ved Den heilage  
ande.

Josef, mannen hennar, var ein rettvis mann og ville ikkje  
føra skam over henne; han sette seg føre å skilja seg frå  
henne i det stille. Då han hadde tenkt ut dette, synte ein  
engel frå Herren seg for han i ein draum og sa:

«Josef, Davids son! Ver ikkje redd å ta Maria heim til deg  
som kona di. For barnet som er avla i henne, er av Den  
heilage ande. Ho skal føda ein son, og du skal gje han  
namnet Jesus, for han skal frelsa folket sitt frå syndene  
deira.» Alt dette hende så det skulle oppfyllest, det Herren  
har tala gjennom profeten:

*Sjå, møya skal bli med barn og føda ein son,  
og dei skal gje han namnet Immanuel  
– det tyder: Gud med oss*

Då Josef vakna frå søvnen, gjorde han som Herrens engel  
hadde bode han og tok Maria heim til seg som kona si og  
levde ikkje saman med henne før ho hadde fødd son sin.  
Og han gav han namnet Jesus.

Matteus 1,18–25

Bakgrunnsbiletet er frå ein rekonstruert snikkarverkstad i Nasaret,  
heimbyen til Jesus.



## Englar

Vi møter ofte englane når det  
hender noko viktig i Bibelen.  
Mange kunstnarar har måla dei  
med lange klede og venger,  
men i Bibelen liknar dei mykje  
meir på menneske; somme  
gonger blir dei til og med tekne  
for å vera menneske. Ordet  
«engel» tyder «bodberar». Dei  
er himmelske skapningar som  
ber med seg bodskapar frå  
Gud, set Guds planar i verk og  
vernar Guds folk.

## Maria

Maria var ei ung jente då engelen Gabriel kom til henne. Det står faktisk svært lite om Maria, mor til Jesus, i Det nye testamentet. Ho kjem fram i nokre glimt, til dømes då Jesus vart borte under påskeferien som tolvåring, då det vart tomt for vin i bryllaupet i Kana, eller då Jesus vart krossfest. Desse små glimta gjev oss eit bilete av ei truande og audmjuk kvinne. Heilt frå mysteriet då Jesus vart fødd, til mysteriet då han døydde, les vi at Maria lét Guds vilje skje.



## Bodskapen til Maria

Men då Elisabet var i sjette månaden, vart engelen Gabriel send frå Gud til ein by i Galilea som heitte Nasaret, til ei jomfru som var lova bort til Josef, ein mann av Davids ætt. Namnet hennar var Maria.

Engelen kom inn til henne og sa:

«Ver helsa, du som har fått nåde!  
Herren er med deg!»

Ved desse orda vart ho forskrekka og undrast på kva denne helsinga skulle tyda.

Men engelen sa til henne:

«Ver ikkje redd, Maria!  
For du har funne nåde hos Gud.  
Høyr! Du skal bli med barn og få ein son,  
og du skal gje han namnet Jesus.  
Han skal vera stor og kallast Son til Den høgste.  
Herren Gud skal gje han kongsstolen til David, far hans.  
Han skal vera konge over Jakobs hus til evig tid,  
og det skal ikkje vera ende på kongedømet hans.»

Maria sa til engelen:

«Korleis skal dette gå til når eg ikkje har vore saman med nokon mann?»

Engelen svara:

«Den heilage ande skal koma over deg,  
og krafta frå Den høgste skal skyggja over deg.  
Difor skal òg barnet som blir fødd,  
vera heilagt og kallast Guds Son.

Og høyr: Elisabet, slektningen din, ventar ein son, ho òg, på sine gamle dagar. Ho som dei sa ikkje kunne få born, er alt i sjette månaden. For ingen ting er umogleg for Gud.»

Då sa Maria:

«Sjå, eg er Herrens tenestekvinne.  
Lat det gå meg som du har sagt.»  
Så forlét engelen henne.

Lukas 1,26–36

## Marias lovsong

*«Mi sjel høglovar Herren,  
og mi ånd frydar seg i Gud,  
min frelsar.*

*For han har sett til si tenestekvinne  
i hennar fattigdom.*

*Og sjå, frå no av skal alle  
slekter prisa meg sæl,  
for store ting har han gjort mot meg,  
han, den mektige;  
heilagt er hans namn.  
Frå slekt til slekt varer hans miskunn  
over dei som ottast han.*

*Han gjorde storverk  
med sin sterke arm;  
han spreidde dei  
som bar hovmodstankar i hjartet.  
Han støyte stormenn ned frå trona  
og lyfte opp dei låge.*

*Han metta dei svoltne  
med gode gåver,  
men sende dei rike  
tomhendte frå seg.  
Han tok seg av Israel, sin tenar,  
og kom i hug si miskunn  
slik han lova våre fedrar,  
Abraham og hans ætt, til evig tid.»*

Lukas 1,46–55

## Gjetar

På Jesu tid såg folk ned på gjetarane, forakta dei og såg på dei som upålitelege.

## Nasaret

Maria og Josef budde i Nasaret, ein liten landsby lengst sør i Galilea. Truleg budde det ikkje fleire enn 150-200 menneske i Nasaret. Landsbyen låg 20 km sørvest for Gennesaretsjøen.

## Betlehem

Betlehem låg 8 km sør for Jerusalem. Betlehem tyder «brødhuset», kanskje fordi byen ein gong hadde hatt kornlageret for områda ikring. Etter det profeten Mika seier (Mika 5,1), skulle Messias, den nye frelsarkongen av Davids ætt, koma frå Betlehem.

## Herberge

I tidlegare omsetjingar stod det i juleevangeliet: «for det var ikkje rom åt dei i herberget.» (Luk 2,7) I førebels-utgåva av Det nye testametet som kom i 2005, stod det: «For dei fann ikkje husrom nokon stad.» Det fanst nok ikkje noko «herberge» eller pensjonat i Betlehem. «Husrom» er ei betre omsetjing av det greske ordet 'katalyma'. I Bibel 2011 står det no at Maria sveipte Jesus-barnet og la han i ei krubbe, «for det var ikkje husrom for dei.»

*Juleevangeliet er ei av dei best kjende forteljingane i verda. Kvart år kler born seg ut som gjetarar og englar og spelar skodespel for slektningane sine om at Jesus vart fødd. Men bak den enkle forteljinga ligg det ei bibelsk sanning som har ufatteleg mykje å seia: at Gud kom til verda. Ordet «evangelium» tyder «godt nytt».*



*Bakgrunnsbiletet er frå ein rekonstruert heim i Nasaret, heimbyen til Jesus. Lite bilete: Detalj frå freskar i fransiskanarkapellet på Hyrdingmarka i Betlehem.*

# BIBEL | 2011

ny omsetjing  
nærare kjeldetekstene  
nærare dei bibelske bileta  
i eit nytt og levande språk



**«Bibelteksten er den viktigste teksten som noen gang er skrevet»**

Karl Ove Knausgård, forfatter, konsulent for Bibel 2011

**«Jeg tenker at bibelspråket faktisk er Guds ord, som hendelse. Da må det være et språk som virker»**

Hanne Ørstavik, forfatter, konsulent for Bibel 2011

**«Eg har prøvd å bidra til at det norske språket er korrekt og moderne, for 2000-talet og ikkje for 1800-talet»**

Sylfest Lomheim, språkvitar, konsulent for Bibel 2011

**«Den nye omsetjinga frå Bibelselskapet blir folkebibelen i Noreg i åra framover.»**

Karl Johan Hallaråker, teolog og tidlegare leiar for Indremisjonsforbundet

## Bibelen – den beste julegåva

Kan tingast på: [www.bibel.no](http://www.bibel.no) eller i den lokale bokhandelen din.

## Jesus blir fødd

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn.

Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle.

Men engelen sa til dei:  
«Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias,

Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.»

Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunn-gjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba.

Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.

Lukas 2,1–20

## Jesus blir født

Det skjedde i de dager at det gikk ut befaling fra keiser Augustus om at hele verden skulle innskrives i manntall. Denne første innskrivningen ble holdt mens Kvirinius var landshøvding i Syria. Og alle dro av sted for å la seg innskrive, hver til sin by.

Josef dro da fra byen Nasaret i Galilea opp til Judea, til Davids by Betlehem, siden han var av Davids hus og ætt, for å la seg innskrive sammen med Maria, som var lovet bort til ham, og som ventet barn. Og mens de var der, kom tiden da hun skulle føde, og hun fødte sin sønn, den førstefødte. Hun svøpte ham og la ham i en krybbe, for det var ikke husrom for dem.

Det var noen gjeterere der i nærheten som var ute på marken og holdt nattevakt over flokken sin. Med ett sto en Herrens engel foran dem, og Herrens herlighet lyste om dem. De ble overveldet av redsel. Men engelen sa til dem:

«Frykt ikke! Se, jeg forkynner dere en stor glede, en glede for hele folket: I dag er det født dere en frelser i Davids by; han er Messias, Herren. Og dette skal dere ha til tegn: Dere skal finne et barn som er svøpt og ligger i en krybbe.»

Med ett var engelen omgitt av en himmelsk hærs-kare, som lovpriste Gud og sang:

«Ære være Gud i det høyeste, og fred på jorden blant mennesker Gud har glede i!»

Da englene hadde forlatt dem og vendt tilbake til himmelen, sa gjeterne til hverandre: «La oss gå inn til Betlehem for å se dette som har hendt, og som Herren har kunn-gjort for oss.» Og de skyndte seg av sted og fant Maria og Josef og det lille barnet som lå i krybben.

Da de fikk se ham, fortalte de alt som var blitt sagt dem om dette barnet. Alle som hørte på, undret seg over det gjeterne fortalte. Men Maria tok vare på alt som ble sagt, og grunnet på det i sitt hjerte. Gjeterne dro tilbake. De lovet og priste Gud for alt de hadde hørt og sett; alt var slik som det var sagt dem.

Lukas 2,1–20

## Jesus får namn

Då åtte dagar var gått og han skulle omskjerast, kalla dei han Jesus. Det var det namnet engelen hadde gjeve han før han var komen i mors liv.

## Jesus blir boren fram i tempelet

Då reinsingstida som Moselova påla dei, var til ende, tok dei han med seg opp til Jerusalem. Dei ville bera han fram for Herren. For det står skriva i Herrens lov: Alt av hannkjønn som opnar morslivet, skal helgast til Herren. Dei ville òg bera fram det offeret som er fastsett i Herrens lov: eit par turtelduer eller to dueungar.

I Jerusalem var det då ein mann som heitte Simeon; han var ein rettviss og gudfryktig mann som venta på Israels trøyst. Den heilage ande var over han, og Anden hadde late han få vita at han ikkje skulle sjå døden før han hadde sett han som Herren har salva. No kom han opp til tempelet, driven av Anden. Og då foreldra kom med Jesusbarnet for å gjera med han som skikk og bruk var etter lova, tok Simeon barnet i armene sine. Han lova Gud.

Lukas 2,21–28



Glasmåleri frå Fødselskyrkja i Betlehem

## Vismennene hyllar Jesus

Då Jesus var fødd i Betlehem i Judea, i kong Herodes' dagar, kom det nokre vismenn frå Austerland til Jerusalem og spurde: «Kvar er den jødekongen som no er fødd? Vi såg stjerna hans gå opp, og no er vi komne og vil hylla han.»

Då kong Herodes fekk høyra det, vart han svært uroleg, og heile Jerusalem med han. Han kalla saman alle overprestane og dei skriftlærde i folket og spurde dei ut kvar Messias skulle bli fødd. «I Betlehem i Judea», svara dei, «for slik står det skriva hos profeten:

*Du Betlehem i Juda land,  
blant fyrstane i Juda er du slett  
ikkje den ringaste.  
For frå deg skal det koma ein fyrste,  
ein hyrding for mitt folk Israel.»*

Då kalla Herodes vismennene til seg i løynd og spurde dei nøye ut om kva tid stjerna hadde synt seg. Så sende han dei til Betlehem og sa:

«Gå og forhøyr dykk nøye om barnet. Og når de har funne det, så sei frå til meg, så eg òg kan koma og hylla det.» Då dei hadde høyrte kva kongen hadde å seia, tok dei i veg.

Og sjå, stjerna som dei hadde sett koma opp, fór føre dei heilt til ho vart ståande over staden der barnet var. Då dei såg stjerna, vart dei umåteleg glade. Dei gjekk inn i huset og fann barnet hos mora, Maria. Og dei fall på kne og hylla det. Så opna dei skrina sine og bar fram gåver til barnet: gull, røykjelse og myrra.

Men Gud varsla dei i ein draum at dei ikkje måtte fara attende til Herodes, og dei tok ein annan veg heim til landet sitt.

Matteus 2,1–12

## Symbolske gåver

Gåvene frå vismennene (ikkje «vise menn», men astrologar) symboliserte heile livet og forkyninga til Jesus:

- Gull, det dyraste metallet, var eit symbol på at han er konge
- Røykjelse, som vart brend ved religiøse seremoniar, var eit teikn på rolla hans som prest
- Myrra, som vart brukt til balsamering, var eit teikn på at han døydde for alle menneske i verda

Ut frå desse tre gåvene oppstod den tradisjonen at det var tre vismenn, men Bibelen seier faktisk ikkje noko om kor mange dei var. Kvart år, på heilagtrekongarsdagen den 6. januar, minnest vi at dei kom.

## På flukt til Egypt

Då dei var farne, synte Herrens engel seg for Josef i ein draum og sa: «Stå opp, ta barnet og mora med deg og røm til Egypt, og bli der til eg seier frå! For Herodes kjem til å leita etter barnet og vil drepa det.» Han stod opp, tok barnet og mora og drog til Egypt same natta. Der vart han verande til Herodes døydde. Slik skulle det oppfyllast, det Herren har tala gjennom profeten:

*Frå Egypt kalla eg son min.*

## Barnemordet i Betlehem

Då Herodes skjøna at vismennene hadde lurt han, vart han brennande harm. Han sende ut folk og drap alle guteborn i Betlehem og nabolaget som var to år eller yngre; dette svara til den tida han hadde fått vita av vismennene.

Då vart det oppfylt, det som er tala gjennom profeten Jeremia:

*I Rama høyrest skrik,  
gråt og høglydt klage:  
Rakel græt over borna sine  
og vil ikkje la seg trøysta.  
For dei er ikkje meir.*

## Frå Egypt til Nasaret

Etter at Herodes var død, synte Herrens engel seg i ein draum for Josef i Egypt og sa: «Stå opp, ta barnet og mora og dra til Israels-landet! For no er dei døde, dei som ville ta livet av barnet.» Då stod han opp, tok barnet og mora og fór til Israels-landet.

Men då han fekk høyra at Arkelaos hadde vorte konge i Judea etter Herodes, far sin, torde han ikkje fara dit. Han vart varsla i ein draum og fór til Galilea. Då han kom dit, busette han seg i ein by som heiter Nasaret. Slik skulle det oppfyllast, det som er tala gjennom profetane, at han skulle kallast nasarear.

Matteus 2,13–23



Mosaikk med den heilage familien i Egypt, frå ei kyrkje i Kairo

## Egypt

Stamfaren Abraham og etterkomarane hans fann tilflukt i Egypt når dei var i naud. Seinare vart Israels-folket haldne som slavar der. Difor er dette landet i Bibelen av og til sett på som ein trygg stad som ein stundar etter, andre gonger er det eit bilete på avguds-dyrking og undertrykking. På Jesu tid var Egypt eit rikt handels- og jordbruksom-råde. Det var rekna som kornkammeret i Romarriket. Maria og Josef søkte tilflukt i Egypt då kong Herodes fekk drepe alle guteborna i Betlehem. Jesus vart flykning.

## Dei ukjende åra

Bortsett frå den gongen Jesus var i Jerusalem som tolvåring, veit vi ingenting om livet hans då han voks opp. Truleg vart han utdanna i den lokale synagogen i Nasaret og opplært til «tømrar» av Josef – sjølv om det greske ordet eigentleg tyder noko slikt som «byggningsarbeidar», noko som kan forklåra kvifor Jesus fleire gonger brukte husbygging som bilete når han tala til folk.

Seforis, ein internasjonal by med 30 000 innbyggjarar som låg berre fem kilometer frå Nasaret, vart utbygd i stor stil av Herodes Antipas som hovudstaden hans, i nett denne perioden, så det er svært sannsynleg at Jesus og Josef arbeidde på byggingprosjekta der.

Det kan henda at Josef døydde tidleg. Dette kan forklåra kvifor Jesus budde heime til han var tretti år gammal. Då ville han ha vore hovudforsørgjaren til familien, til syskena hans vart eldre.



Engel i taket på Oslo Sentralstasjon

## Jesus som tolvåring i tempelet

Kvart år fór Jesu foreldre til Jerusalem i påskehøgtida. Og då han var tolv år, drog dei som vanleg dit opp til høgtida. Men då høgtidsdagane var til ende og dei skulle fara heim, vart guten Jesus verande att i Jerusalem, og foreldra hans la ikkje merke til det. Dei tenkte han var med i følgjet, og fór ei dagsreise fram før dei tok til å leita etter han mellom slektningar og kjenningar.

Sidan dei ikkje fann han, fór dei attende til Jerusalem og leita etter han der. Men først etter tre dagar fann dei han i tempelet. Der sat han midt blant lærarane og lydde på dei og stilte spørsmål. Og alle som hørde på han, undra seg over kor klok han var og kor godt han svara.

Då foreldra fekk sjå han, vart dei slegne av undring, og mor hans sa: «Kvifor har du gjort dette mot oss, barnet mitt? Far din og eg har leita etter deg og vore så redde.»

Men han svara: «Kvifor leita de etter meg? Visste de ikkje at eg må vera i huset åt Far min?» Men dei skjøna ikkje kva han meinte med dette.

Så vart han med dei heim til Nasaret og var lydige mot dei. Men mor hans gøymde alt dette i hjartet sitt. Og Jesus gjekk fram i alder og visdom og var til glede for Gud og menneske.

Lukas 2,41–52

*Englene sang den  
først for markens hyrder;  
skjønt fra sjel til sjel det lød:  
Fred over jorden,  
menneske, fryd deg!  
Oss er en evig Frelser født!*

B.S. Ingemann 1850



Glasmåleri frå  
Fødselskyrkja i  
Betlehem

## Gud vart menneske

*Juleevangeliet fortel at Gud kom til oss. Gud vart menneske i kjøt og blod. Kristen tru handlar om at Gud kjem for å leite etter mennesket, ikkje at mennesket leitar etter Gud.*